



## Referat frå medlemsmøte 16. juni 2017 i krets Buskerud

**Møtet vart halde på Pers hotell, i samband med avløysarkurset i Hallingdal.  
15 personar i tillegg til styreleiar, nestleiar og 2 frå administrasjonen møtte opp.**

Det blei kalla inn til medlemsmøte ettersom at dette var eit ønske frå medlemane i aust.

Arne Presthus innleia med å ønskje alle velkomen, og gav ordet fritt.

Nedlegging av kontoret i Buskerud blei diskutert. Arne informerte om at styret har vedteke at laget skal drivast som før. Frå salen kom det og opp informasjon om at Nedre Buskerud skal lage til kontor på Gol, og ønskje om uttale frå Styreleiar om dette. Arne kunne informere om at dette blei styret informert om dagen før. Han kunne fortelje at under vårsamlinga til NLT så hadde Folgefonna og Landbrukstjenester Buskerud eit uformelt møte. Her blei det avgjort at laga skal fortsette og drive som før, kvar for seg. Vi ser difor på eit avdelingskontor der oppe som lite ønskjeleg. Samtidig som at han nytta anledninga til å fortelje at arbeidsgjevaravgifta i Buskerud ikkje kjem til å gå ned med å danne kontor der oppe. Det kan kun vere eit smutthol dersom dei føre eige rekneskap og har eige organisasjonsnummer.

Styreleiar bad medlemene om at det nye styret skulle få eit år til å skape ro i laget igjen. Dette fekk han ikkje eit endeleg svar på. Ønske frå salen om eit vedtak på at kvar krins skal ha likt stemmeantal ved årsmøte. Styreleiar svarte på det med at då må vi ha ei vedtektsendring, og dette må skje på eit årsmøte. Medlemmane ønskte eit svar på kvifor Lt Folgefonna var fråteken ein landbruksvikar stilling. Dette kunne dagleg leiar Sølvi Gundersen fortelje at det ikkje stemmer. Dette er ei refusjonsordning, på denne måten så er ei stilling holdt tilbake, men ingen har mista den. Lt Folgefonna og Lt Buskerud må levere halvtårsrekneskap til fylkeskommunen for å sjå kven som skal få tildelt den siste stillinga. Medlemmane ytra eit ønskje om ein kontaktperson i Buskerud. Dette er noko styret tek med seg og skal drøfte på neste styremøte.

Ref. Janne Alsaker